

MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Leikanger - fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	02.11.2016
Kl.	12:00 – 14:00

Faste medlemer til stades:

**Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap**

Forfall til møtet:

**Bjørn Erik Hollevik, H
Gunnhild Berge Stang, V**

Varamedlemer til stades:

**Marita Gunn Aarvik, FrP
Noralv Distad, H**

Til stades med møte- og talerett:

Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 114/16 vart handsama før sak 113/16. Elles vart sakene handsama i den rekjkjefølgja som framgår under.

Etter førespurnad frå fylkesordføraren og fylkesrådmannen, endra fylkesutvalet møteplanen for fylkesutvalet for 2017, jf. sak FU-sak 103/16, på følgjande punkt:

- Møtet 6. april vert flytta til 3. april.
- Møtet 1. november vert flytta til 31. oktober
- Møtet som skal haldast i Årdal vert endra til FU-møtet 23. august.

Frå 13.05 – 14:00: Fjord Invest AS:

- Fjord Invest AS, v/dagleg leiar Aud Ingrid Espeland og partner Roger Flølo, orienterte om Fjord Invest Såkorn AS. Fylkesutvalet vedtok at dei delar av orienteringa som retta seg mot enkeltverksemder, skulle finne stad bak lukka dører, jf. kommunelova § 31 nr. 2.
- Fylkesutvalet drøfta deretter fylkeskommunen si tilnærming til søknaden frå Fjord Invest Såkorn AS om auka kapitalinnskot, jf. dokument 2 i FU-sak 108/16. Fylkesutvalet vedtok at drøftinga skulle finne stad bak lukka dører, jf. kommunelova § 31 nr. 5, jf. offentleglova § 21, 4. ledd.

Fylkesrådmannen orienterte om at søksmål mot fylkeskommunen i samband med konkurranse om kjøp av vaskeritenester, jf. dokument 1 i sak 113/16, har falle vekk.

Møtebøkene frå fylkesutvalet 17.10.2016 og 20.10.2016 og frå fylkesutvalet som klagenemnd 17.10.2016 vart godkjende utan merknader.

SAK 110/16 Høyring: Anbefalinger til tiltak for utvikling av ferjemarkedet på lang sikt

Frå hovudutvalet for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev fylgjande fråsegn til «*Anbefalinger til tiltak for utvikling av ferjemarkedet på lang sikt*»:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at Statens vegvesen tar initiativ til å utarbeide ein strategi for kjøp av ferjetenester på riks - og fylkesveg.
2. Det er ein klar føresetnad at fylkeskommunane, som står for innkjøp av mesteparten av ferjetenestene i Noreg, deltek i arbeidet med utarbeiding av strategi på lik linje med Statens Vegvesen. Ved framtidige felles standardar, må det må vere rom for å gjere tilpassingar i innkjøpa knytt til lokale behov.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det bør vere eit samarbeid mellom fleire fagmiljø på innkjøp av ferjetenester for å auke kvaliteten på gjennomføring og oppfølging av ferjekontraktar.
4. I det vidare arbeidet med tiltak for utvikling av ferjemarknaden må det takast omsyn til inntektssystemet slik at det er samsvar mellom løvning ar og ansvar. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg og til grunn at det også på lang sikt, skal vere samsvar mellom eigarskap av strekningane og innkjøp av ferjetenester.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at Statens vegvesen skal gjennomføre tiltak internt for å sikre betre og meir profesjonelle innkjøpsprosessar. Det er naturleg at oppbygging av kompetansemiljø knytt til SVV sine innkjøp er desentralisert og ligg der det er geografisk flest kjøp og kjennskap til marknaden.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at Statens vegvesen får ansvar for å utarbeide IKT - løysingar som gjer at vi får betre datagrunnlag for drift av både riks - og fylkesvegferjekontraktane.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg:

Endring i pkt 5 i tilrådinga frå HS: Set punktum etter desentralisert, stryk «og ligg der det er geografisk flest kjøp og kjennskap til marknaden»

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg:

Nytt pkt 7: For å ma. kunne sette nye og strenge miljøkrav ser Sogn og Fjordane fylkeskommune det som positivt at staten vil utgreie og gjere forsøk med alternativt eigarskap til ferjemateriell.

Avrøysting:

Framlegget frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedteke. Tilrådinga frå hovudutvalet for samferdsle, med endringa i pkt. 5, vart deretter samrøystes vedteke.

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti fekk 1 røyst, frå Trude Brosvik, og fall.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev fylgjande fråsegn til «*Anbefalinger til tiltak for utvikling av ferjemarkedet på lang sikt*»:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at Statens vegvesen tar initiativ til å utarbeide ein strategi for kjøp av ferjetenester på riks - og fylkesveg.
2. Det er ein klar føresetnad at fylkeskommunane, som står for innkjøp av mesteparten av ferjetenestene i Noreg, deltek i arbeidet med utarbeiding av strategi på lik linje med

- Statens Vegvesen. Ved framtidige felles standardar, må det vere rom for å gjere tilpassingar i innkjøpa knytt til lokale behov.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det bør vere eit samarbeid mellom fleire fagmiljø på innkjøp av ferjetenester for å auke kvaliteten på gjennomføring og oppfølging av ferjekontraktar.
 4. I det vidare arbeidet med tiltak for utvikling av ferjemarknaden må det takast omsyn til inntektssystemet slik at det er samsvar mellom løvingar og ansvar. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg og til grunn at det også på lang sikt, skal vere samsvar mellom eigarskap av strekningane og innkjøp av ferjetenester.
 5. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at Statens vegvesen skal gjennomføre tiltak internt for å sikre betre og meir profesjonelle innkjøpsprosessar. Det er naturleg at oppbygging av kompetanseMiljø knytt til SVV sine innkjøp er desentralisert.
 6. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at Statens vegvesen får ansvar for å utarbeide IKT - løysingar som gjer at vi får betre datagrunnlag for drift av både riks - og fylkesvegferjekontraktane.
-

SAK 111/16 Planprogram høyringsutkast - Regional plan for klimaomstilling

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Planprogram for Regional plan for klimaomstilling vert, med heimel i plan- og bygningslova § 8-3, lagt ut på offentleg høyring fram til 2. januar 2017. Jf. vedlegg.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg:

Nye tilleggspunkt i planen pkt 1.2.1:

- Kartlegging av sårbarheit for naturfare
- Utgreie verkemiddel for å redusere sårbarheit for naturfare

Nytt pkt 4.2.5 Klimatilpassing under korleis.

- Utarbeide ei oversikt over avgrensingar i eksisterande lovverk når det gjeld incitament for forebygging mot naturfare.

Avrøyting:

Framlegget frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedteke. Framlegget frå fylkesrådmannen, med vedteken endring, vart deretter samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Planprogram for Regional plan for klimaomstilling, jf. vedlegg, vert med heimel i plan- og bygningslova § 8-3 lagt ut på offentleg høyring fram til 2. januar 2017, med slike endringar:

Nye tilleggspunkt i planen pkt 1.2.1:

- Kartlegging av sårbarheit for naturfare
- Utgreie verkemiddel for å redusere sårbarheit for naturfare

Nytt pkt 4.2.5 Klimatilpassing under korleis.

- Utarbeide ei oversikt over avgrensingar i eksisterande lovverk når det gjeld incitament for forebygging mot naturfare
-

SAK 112/16 Strategisk plan for kysten - vedtak av planprogram

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Planprogram for Strategisk plan for kysten 2018-2029 for Sogn og Fjordane vert vedteke, jf. plan- og bygningslova § 8-3.
2. Det vidare arbeidet vert organisert i samsvar med fylkesrådmannen si saksframstilling.
3. Fylkesrådmannen får vidare i oppgåve å omforeine finansieringa av planarbeidet med alle kommunane etter vedtak av planprogrammet, inkl. det å få på plass ein prosjektleiar.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg:

Tillegg i pkt 4.2.4:

Tilføyning under punktet «Korleis»: « ...inkl. havromsteknologi»

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg:

Nytt punkt:

FU vil særleg peike på at planen bør utarbeide strategiar for viktige fellesutfordringar og grenseoverskridande tiltak hos kystkommunane. Td. Tema som bustad- og næringspolitikk i 100-metersbeltet, samferdsel, sambindingsvegar, mobil-og breidbandsdekking.

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg:

Nytt punkt:

Kystverket og Statens vegvesen må vere representert i referansegruppa.

Avrøysting:

Framlegget frå Arbeidarpartiet om tillegg i pkt. 4.2.4 vart samrøystes vedteke. Tilrådinga frå fylkesrådmannen, med vedteken endring, vart samrøystes vedteke. Framlegga frå Arbeidarpartiet og Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Planprogram for Strategisk plan for kysten 2018-2029 for Sogn og Fjordane vert vedteke, jf. plan- og bygningslova § 8-3, med slik endring i pkt. 4.2.4: Tilføyning under punktet «Korleis»: « ...inkl. havromsteknologi».
2. Det vidare arbeidet vert organisert i samsvar med fylkesrådmannen si saksframstilling.
3. Fylkesrådmannen får vidare i oppgåve å omforeine finansieringa av planarbeidet med alle kommunane etter vedtak av planprogrammet, inkl. det å få på plass ein prosjektleiar.
4. Fylkesutvalet vil særleg peike på at planen bør utarbeide strategiar for viktige fellesutfordringa og grenseoverskridande tiltak hos kystkommunane. T.d.: Tema som bustad- og næringspolitikk i 100-metersbeltet, samferdsel, sambindingsvegar, mobil-og breidbandsdekking.

5. Kystverket og Statens vegvesen må vere representert i referansegruppa.
-

SAK 113/16 Skriv og meldingar fylkesutvalet 2.11.2016 - oppdatert

VEDTAK:

- 1: Orientering om at fylkeskommunen er saksøkt med krav om midlertidig sikring
 - 2: Drøftingsmøte etter hovudavtalen kapittel 1-4-1
 - 3: Regionale forskningsfond og regionreformen
-

SAK 114/16 Vedtektsendring - Opplæringsfartøy AS

VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer framlegg om, og går inn for, følgjande endring av vedtekten til Opplæringsfartøy AS:

§ 5 - Styre

Selskapets styre skal ha fire medlemmer. To av styremedlemmene velges bland personer som er foreslått av Sogn og Fjordane fylkeskommune, et styremedlem velges bland personer som er foreslått av og valgt bland de tilsette ved maritime og marine utdanningsprogram ved Måløy vidaregåande skule, et styremedlem velges bland personer som er foreslått av Sogn og Fjordane Fiskarlag. Styrets leder har rett til å bruke dobbeltstemme ved stemmelikhet. Styret og styrets leder velges av generalforsamlingen.
